

Sogn og Fjordane Ungdomslag

Referat. Møte mellom Sogn og Fjordane Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag 12.2.2022

Møtestad: Vassenden

Møtestart: 11.30

Deltakarar:

SOFUL: Hildegunn R. Gjelsvik, Knut Bøyum, Jorunn Sundal, Inge Masdal, Olaf Skjerdal

NOREGS UNGDOMSLAG: Magni Hjertenes Flyum og Christoffer Knagenhjelm

Agenda:

Saksliste:

1. Føring av kostnadene etter at Christoffer Knagenhjelm sluttet i stillinga
2. Presentasjon av ny generalsekretær i NU
3. Tilsetjing av ny person som fylkessekretær og leiar for Huset i Bygdi Sogn og Fjordane Innhold i ev. stillingsressurs
4. Søknad frå Fjærland ul om arrangementsstønad til ei barneteaterørestilling

Sak 1:

Christoffer har nytta ein del tid på saker knytte til Soful etter at han sluttet som tilsett. Han har ført timar for desse tenestene, og Soful vil betala ut desse.

Etter denne saki kom Generalsekretæren i Nu og Christoffer Knagenhjelm med på Teams

Sak 2:

Den nye generalsekretæren i Nu, Magni Hjertenes Flyum, presenterte seg sjølv.

Sak 3:

Tilsetjing av ny person som fylkessekretær og leiar for Huset i Bygdi Sogn og Fjordane.

Framlegg frå Magni: Samarbeide med andre lag, organisasjonar eller internt i Nu for å få økonomiske musklar og oppgåver nok til ei full stilling.

Hul er litt vanskeleg å nå for slike drøftingar no, ein kan gjerne heller sjå på til dømes Førdefestivalen.

Magni: Kva vil Soful oppnå ved å tilsetja ein ny person i desse rollane? Korleis løysa kontorfasilitetar, og kvar skal ein ny tilsett vera lokalisert?

Drøftingi i styret klargjorde at ein er ute etter nokon med emner til å setje seg inn i dei ordningane der ein kan finansiera drift av laget, og tiltak for huseigarar og aktive lokallag, einkvan som er flink til å kommunisera og samarbeida med våre støttespelarar, likeeins som vil oppnå god kontakt med lokallag og huseigande org., einkvan som har ei interessa for dei sakene og verdiane ungdomslagsrørsla representerar (eller i alle fall har røynsle frå lagsarbeid) og som kan avlasta fylkestyret i sekretæroppgåver gjennom



Sogn og Fjordane Ungdomslag

Referat. Møte mellom Sogn og Fjordane Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag 12.2.2022

driftsåret. Me ser for oss at Christoffer i ein overgangsfase kan hjelpe vedkomande mykje med innføring i arbeidsoppgåver, kultur og utfordringarr.

Innspel på at stillingi kan ligga under Nu og administrerast frå hovudkontoret. Det vil kunne gje fleksibilitet i høve arbeidsoppgåver, og korleis stillingi kan serve andre fylke også. Tilsetjingsnemnd vil ha med representantar frå både Soful og Nu. Og gjerne tilitsvald?

Styret i Soful tykkjer dette møtet var opplyftande. Magni verka til å vera innstilt på å finna løysingar som gjev høve til finansiering, gode og ryddige tilsetjingsprossesar og vil kunne finne gode søkerar. Me fekk fornya tru på at me no vil koma vidare i prosessen med å tilsetja ein ny person i denne viktige rolla.

Det vil krevja ein heil del oppfylgjing frå Cristoffer i starten, men dette er både han og Magni innstilt på å få til, og me vil dekka dette på timebasis.

Magni vil no i nærmeste framtid også vera med, og på den måten nytta si rolle til å styrkja kontakten vår, i møte med løvvande instansar i bank og fylke.

Sak 4:

Søknad frå Fjærland ul om arrangementsstønad til ei barneteaterørestilling dei hadde sett opp gratis for borni i skule og barnehage. Førestillingi var «Kræsj i mamilukken», ei framsyning av landsdelsmusikarane i Nord Noreg. Søknad gjekk på å dekka husaleiga dei hadde hatt, då denne vart dobbel grunna ein øvingsdag Scene Nord måtta ha før dei kunne starta turneen.

Knut Bøyum gjekk frå i denne saki då han er leiar i Ful, og dundrande ugild.

Styret i Soful finn at ein slik stønad er godt innanfor vårt mandat om å bidra til å hjelpe fram lokal kulturaktivitet for born (og andre) i lokallagi. Me vonar slik hjelpe kan stimulera fleire til å sjå moglegheiter i eigne lokallag. Ein stor difor denne søknaden med kr. 3000,- til å dekka husaleiga for to dagar, øving og framsyning.

Orienteringssaker

Ein drøfta meir lausleg ulike tema utan noko mål om å oppnå vedtak eller handling. Det var orienteringar og drøftingar om landsdelsmøte, framdrift i arbeidet med julehefti, reiserekningar, tildelingar til utøvande folkemusikarar osb.

Møtet slutt om lag klokka 15.00

Skrivar: Knut Bøyum, 5.10.2022

